



Børresen Bygg AS
Ekrengaten 16
5036 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/527 - 16/11153

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
02.09.2016

Byggesak Gbnr 88/91 Sæbø ytre - tremannsbustad - Rekke C - søknad om mellombels bruksløyve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 256/2016

Administrativt vedtak. Saknr: 256/2016

Tiltakshavar: Børresen Bygg AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 23.12.2015 og 21.07.2016. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Manglande ferdigattest for heile felt B5.

Mellombels bruksløyve gjeld seksjon 9, 10 og 11.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.02.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.08.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Sæbøvegen 296 – H0101 – seksjon 11
Bygningstiltak:	Rekkehus
Bygningsnummer:	300 511 604
Bruksareal:	96m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknytning
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Sæbøvegen 298 – H0101 – seksjon 10
Bygningstiltak:	Rekkehus
Bygningsnummer:	300511617
Bruksareal:	96m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknytning
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Sæbøvegen 300 – H0101 – seksjon 9
Bygningstiltak:	Rekkehus
Bygningsnummer:	300 511 624
Bruksareal:	96m ²
Avløp:	Privat avløpsanlegg
Vatn:	Offentleg vassverkstilknytning
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for seksjon 9, 10 og 11 på gnr. 88 bnr. 91 på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje før innan 01.02.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/527.

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Mellombels bruksløyve - fornying	1	770,-
	Totalt gebyr å betala		770,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr,

